

SULDAL FJELLSTYRE

Orientering om jakt, fiske og hytteutleige på Suldal statsallmenning.



Suldal statsallmenning ligg i Dyraheio og er på 92 000 da. Ein liten del av allmenningen ligg i Breifonnområdet, på grensa mot Odda kommune.

På statsallmenningen er det rike høve til reinsjakt, småviltjakt og fiske. Fjellstyret disponerer 4 hytter som kan leigast.

Hytter på statsallmenningen

Fjellstyret disponerer fire hytter som blir utleigde. Det ligg to i Steinkilen, og ein kvar i Grotdalsneset og i Breiavad. Alle hyttene er godt utstyrte med propan, ved, solcellepanel, service etc.

Reglar og pris for leige av hyttene:

Pris for overnatting:	Buset i "gamle Suldal kommune":	kr 100,-
	Andre	kr 200,-
	Born (under 16 år)	gratis

I hyttene ligg bankgiroar som bør nyttast. **Kontonr. 3210 30 01489.**

Bankgiroen må de betala sjølv. Ver snill ikkje legg den i kassen. Kontant betaling blir lagt i konvoluttar med namn på.

Fjellstyre har overtatt jordhytta i Steinkilen. Den har åtte sengeplasser.

Alle skal registrera seg i hytteboka.

Spesielt for **Grotdalsneset:**

- Lagra soveposar skal liggja samanrulla på loftet
- Båten skal alltid lagrast i naustet

Spesielt for **Breiavad:**

- Hytta er privat, og fjellstyret disponerer ho i samband med friluftsliv, jakt og fiske. Av den grunn skal ho ikkje nyttast av organiserte lag og bedrifter.

Spesielt for **Steinkilen:**

- Båt skal alltid lagrast i naustet.
- Det er kjøpt inn og montert eit skap med boksar (12 stk.) for utleige. Pris pr. år blir kr 150,-. Maks 5 år om gongen. Det er ikkje lov å oppbevare private ting i Steinkilen utanom i desse skapa. Ta kontakt med Kjell Ove Nærheim dersom du er interessert i skap. Første mann til mølla

Eventuelle feil/manglar vert å rapportera til hytteansvarleg Kjell Ove Nærheim (tlf. 952 34351).

Me håper alle får eit triveleg opphald på hyttene.

Fisket på statsallmenningen

Statsallmenningen har fleire gode fiskevatn. Nemner m.a. Kringlevatnet, Krossvatnet og Gravetjønn. Blåsjø har og stor og fin fisk (her må ein løysa eige kort). Ein kan kjøpa kort både for garn- og stongfiske. Garn til utlån i Grotdalsneset og Steinkilen.

Reglar for fisket:

- 1) Alle som fiskar med handsnøre eller garn, skal løysa kort.
- 2) Garnkortet gir rett til fiske med inntil 5 garn. Minste omfar er 20 (31 mm). Alle garn skal merkast tydeleg med namn og adresse. Kortet gir og rett til fiske med handsnøre. Garnkort kan berre kjøpast av busette i "gamle Suldal" kommune.
- 3) For dei som berre fiskar med handsnøre, skal det løysast eige kort. Dette gir rett til fiske med stong og oter.
- 4) Born og ungdom t.o.m. 19 år kan fiska gratis med stong. Dei som nyttar seg av dette tilbodet, må likevel få seg kort som dei kan syna i tilfelle kontroll.
- 5) Medlemskap i turistforeningen gir rett til fiske med stong.

6) Prisar stong/garnkort:

Døgnkort:	50 kr
Todøgnskort:	75 kr
Tredøgnskort:	100 kr
Vekeskort:	150 kr
Sesongkort:	200 kr

Prisar stongkort:

Dagskort:	20 kr
Todagarskort:	40 kr
Tredagarskort:	50 kr
Vekeskort:	75 kr
Sesongkort:	100 kr

Inatur

Suldal fjellstyre har si eiga side i Inatur. Det er Statskog SF, Noregs Fjellstyresamband, Noregs jeger- og fiskeforbund og Noregs skogeierforbund som står bak Inatur. Her finn du gode tilbud innan friluftsliv, jakt, fiske og overnatting. Gå inn på www.inatur.no og klikk deg vidare. Me oppmodar folk til å bruka denne sida ved kjøp av fiskekort og jaktkort.

FISKET I BLÅSJØ

For Blåsjø blir det selt eit eige kort som gjeld heile den statseigde delen av Blåsjø.

Reglar for fisket:

1. Statskog og fjellstyra i Bykle, Hjelmeland og Suldal sel fiskekort for stong og garn på den statseigde delen av Blåsjø (sjå kart).
2. Kortet gir rett til fiske med stong og inntil 5 garn. Minste maskevidde er 18 omfar (35 mm). Garna skal vera tydeleg merka med namn og adresse.
3. Kortkjøpar skal gjera seg kjend med gjeldande reglar og eigedomsgrensene som regulerer fisket.
4. Medlemskap i Turistforeningen gir rett til fiske med stong på den statseigde delen av Blåsjø.

Prisar stong/garnfiske:

Døgnkort:	50 kr
Todøgnkort:	75 kr
Tredøgnkort:	100 kr
Vekeskort:	150 kr
Sesongkort:	200 kr

Prisar stongkort:

Dagskort:	20 kr
Todagarskort:	40 kr
Tredagarskort:	50 kr
Vekeskort:	75 kr
Sesongkort:	100 kr

Kort kan kjøpast: www.inatur.no



SMÅVILTJAKT

På statsallmenningen finst det ein del småvilt. Det er vel særleg rypa som er attraktiv, men her finst både hare, rev og andre mindre rovdyr som er jaktbare. Det er ikkje lov å jakta med hund.

Reglar for småviltjakta:

1. Det kan jaktast på rype, hare, rev, mår, mink og røyskatt.
2. Kortløysar pliktar å setja seg inn i eigedomsgrensene som regulerer jakta, sjå kart på baksida av jaktkortet.
3. Jakta tek til 1. oktober og held på ut februar.
4. All jakt skal føregå utan hund.
5. Maks tal felte ryper pr dag og jeger er 5 stk.
6. Etter at jakta er avslutta, skal fangstrapport sendast inn.
7. Jegeravgift skal vera betalt.

8. Prisar:

Dagskort:	kr 200,-
Kort for 3 dagar:	kr 400,-
Vekekort:	kr 600,-
Sesongkort:	kr 1000,-

Busette i "gamle" Suldal kommune betaler halv pris.

8. Kort blir selt følgjande stader: www.inatur.no

STORVILTJAKTA

Fjellstyret sel kort på reinsjakt. Talet varierer frå år til år, og dette året ser det ut til å bli om lag 70 kort pluss 10 frå Hjelmeland. Fjellstyret har søkt om samjakt med delar av Bykle, og vi håpar på positiv respons. Dette trur vi kan gjere jakta meir attraktiv her.

Det er naudsynt å søkja kvart år. Dei som står på lista vil då behalde plassen sin frå fjoråret. Søkjer ein ikkje vil ein falle ut av lista og havne bakerst neste gong du søker.

Takkar du nei til tildelt kort, havnar du bakerst på lista. Dette vart gjort gjeldande frå 2013. Ved utdeling av kort vil ein få betalingsfrist, blir ikkje denne overhaldt går kortet så vidare til neste mann på lista.

20% av korta blir trekt ut blant søkerar i aldersgruppa 16 t.o.m. 19 år (om dei ikkje hadde kort i fjor). Alle mellom 16 og 18 år må ha ein namngitt tilsynsjeger som er ansvarleg for jakta.

Blant dei som får statskort, kan det dannast jaktlag på inntil 5 personar. Er t.d. to av laget på jakt, kan dei og ha med korta til dei andre i laget. Dette gjeld ikkje dei korta som er trekte ut på ungdomstiltak.

Prisar:	Fritt:	kr 2000,-
	Simle/ungdyr eller simle:	kr 1300,-
	Kalv:	kr 500,-

Søknadsfrist 15 juni på e-mail (tottersland@hotmail.com) eller sms 91991871.



ÅRSMELDING 2014

I 2014 hadde fjellstyret 5 møte og handsama 19 saker. Styret hadde og eit informasjonsmøte med verneområdeforvaltar i SVR Alf Odden. Han informerte om moglegheit for å gjere SVR om til Nasjonalpark. Styret uttalte seg positivt til dette.

Rekneskap 2014

I rekneskapet syner driftsresultatet eit overskott på kr. 69 994,- Pga renteinntekter og utbytte frå samvirkeforetak syner årsresultatet eit overskott på kr. 86 517,-

Småviltjakta

2014 var eit godt rypeår, noko som visar att i tal jegerar og felte ryper . Til saman felte 119 jegerar 197 ryper. 2 harar blei også felt. Det blei solgt kort på småvilt og fiske for kr. 46 158,-

Fiske

Det byrjar å bli mykje fisk i vatna. Oppmodar folk om å fiska.

Storviltjakta

Det vart delt ut 46 reinsdyrkort i 2014. Av disse blei det felt 2 frie, 2 simle/ungdyr, 1 simle og 2 kalvar.

Hyttene

Overnattingar 2014: Steinkilen 119 + 31 i jordhytta, Breiavad ?, Grotdalen 210. Det er montert utleigeboksar i Steinkilen (12 stk). Per dags dato er nå alle utleigd. Breiavad blei i fjor beisa, dette gjeld også jordhytta og stallen i Steinkilen.



Inatur

Suldal fjellstyre har si eiga side i Inatur. Det er Statskog SF, Noregs Fjellstyresamband, Noregs jeger- og fiskeforbund og Noregs skogeierforbund som står bak Inatur. Her finn du gode tilbod innan friluftsliv, jakt, fiske og overnatting. Gå inn på www.inatur.no og klikk deg vidare. Me oppmodar folk til å bruka denne sida ved kjøp av fiskekort og jaktkort.

UNGDOMSTUR TIL GROTDALSNESET

Ein flott gjeng ungdommar med leiarar var med og dette er i samarbeid med SVR og Statens naturoppsyn. Alle fekk prøve garnfiske og stong. Fisken ble filetert og stekt til mange stjerners middag ☺ Trening på kart/kompass, såg på kulturminne og mykje mykje meir. Veldig kjekt!



Bilete frå turen.



Fjellstyret 2014

Leiar:	Kristian Steine	Tlf. 91991871	(ansvarleg storviltjakta)
Nestleiar:	Turi O.Tjøstheim	Tlf. 98683104	(skrivar/fiskeansvarleg)
	Sigmund Vårvik	Tlf. 95069380	(økonomiansvarleg)
	Marta Bråtveit	Tlf. 90897097	(ansvarleg småviltjakta)
	Kjell Ove Nærheim	Tlf. 95234351	(hytteansvarleg)

Er det ting de lurer på, er det berre å ta kontakt med ein av oss i styret.

Styret ønskjer alle ein god jakt- og fiskesesong!

